



# Årsmelding 2012

Vedtatt av styret i møte 21.02.2013





## 0 INNLEIING OG SAMANDRAG

Årsmeldinga til Ryfylkemuseet bygger på ein detaljert resultatrapport som direktøren leverer til styret. På noen punkt er likevel årsmeldinga utfyllande i forhold til resultatrapporten.

Resultatrapporten og årsmeldinga viser at vi har høg grad av måloppnåing i forhold til vedtatt handlingsprogram og årsplan. På noen område har vi oppnådd svært gode resultat.

Noen av høgdepunkta i arbeidsåret 2012 har vore desse:

- ✓ Vi har rekruttert og tilsett **sju nye medarbeidarar**. Aldri har tilveksten av nye medarbeidarar vore så stor og vitaliseringa av organisasjonen så tydeleg.
- ✓ Det har vore stor deltaking på samlingar, konferansar og kurs for å **vedlikehalde og utvikle kompetanse**.
- ✓ Vi er tildelt «**Arbeidsmiljøprisen 2012**» som premierung av eit langsiktig, systematisk og målretta arbeid for å skape tydelege mål, god struktur og gjennomarbeidde planar som gir trygge og gode rammer for arbeidsdagen.
- ✓ Det er utarbeidd revidert **sikringsplan**. Ved hjelp av omframme tilskott er det sett i gang ei rekke tiltak for å sikre samlingar og bygningar betre.
- ✓ Det er produsert og opna **fire nye utstillingar**, av desse ein vandreutstilling i samarbeid med Mangfaldsnettverket. I tillegg kjem ny utstilling på Hummarmuseet, som er produsert, men som vil bli montert i januar 2013.
- ✓ Det er bokført i alt **66 ulike arrangement**, kurs, konserter og spesielt tilrettelagte besøk.
- ✓ Satsinga på barn og unge har ført til utarbeiding av nye undervisningsopplegg og resurshefte og det er eit **aukande besøk frå skular og barnehagar**.
- ✓ Vi held ein høg profil i **mangfaldsengasjementet**, og det er tatt initiativ til nye aktivitetar, m.a. ein bakedag som vi håper skal vera starten på arbeidet med ei internasjonal kokebok.
- ✓ Vi har tatt viktige steg mot sterkare vekt på formidling av **digitalisert materiale på nett** og er mellom dei musea som møter dei utfordringane nye media stiller til oss.
- ✓ Arbeidet med **folkemusikkarkivet er vitalisert**. Det er gjennomført nødvendige oppryddingsoppgåver, det blir gjennomført ein ny systematikk i forvaltinga av materiale i arkivet og den utoverretta verksemda er oppe og går. Både Haukeliseterfestivalen, som vi er medeigar i, og Folkemusikkhelga var suksessar.

- ✓ **Restaureringsarbeida i Viga**, dei mest omfattande restaureringsarbeida vi har gjennomført så langt, er i rute, og det svært krevjande arbeidet med restaurering av løa går etter vedtatt framdriftsplan.

# 1 ORGANISERING AV VERKSEMDA

Museet er sidan 1991 organisert som ei sjølveigande, privat stifting. Styret blir oppnemnd av venneforeininga til museet, kommunane i Ryfylke, Rogaland fylkeskommune og dei tilsette.

## VENNEFOREININGA

Etter endringar i lov om stiftingar blei medlemmane til museet frå 2007 organisert i ei venneforeining. Ved årsskiftet var det 354 som hadde fornya medlemskapet sin i venneforeininga gjennom betaling av årspengar. Det var 14 færre enn året før. Dei registrerte medlemmane fordeler seg slik mellom dei enkelte kommunane i Ryfylke:

KOMMUNE	2011	2012
Forsand	2	1
Strand	14	15
Hjelmeland	40	40
Suldal	126	120
Sauda	37	39
Finnøy	28	26
Rennesøy	30	30
Kvitsøy	5	4
Andre	86	79
<b>SUM</b>	<b>368</b>	<b>354</b>

Det blei halde årsmøte for medlemmane på Sand 28. februar. Utanom årsmøtesakene heldt Grete Holmboe eit foredrag om bygningsvernet på museet, Roy Høibo orienterte om verksmeda og Tove Solheim ramma det heile inn med slåttemusikk.

I styret for venneforeininga sit Jorunn Strand Vestbø (leiar), Einar Berge og Kristoffer Nødland. Solveig Sande og Trygve Brandal er varafolk.

Venneforeininga er medlem i Forbundet for norske museumsvenner og deltar på årsmøta til forbundet.

I tillegg til Venneforeininga til Ryfylkemuseet er det eit museumslag i Sauda og ei sjølvstendig venneforeining for ”Brødrene af Sand”. Museet samarbeider også med ei rekke andre foreiningar. Sjå meir om dette nedanfor.

## STYRET

Styret har 13 medlemmar. Etter kommunevalet hausten 2011 blei det store endringar i samansettinga av styret. Desse har site i styret i 2012:

For medlemmane (valde på årsmøtet til venneforeininga):

Terje Hidle, Finnøy (leiar)  
Kristoffer Nødland, Sauda

Vara: Audun Rake  
Vara: Lars Olav Fatland

For kommunane (valde av kommunestyra):

Tore Hans Mikkelsen, Forsand  
Lars Fossåskaret, Strand  
Morten Hetland, Hjelmeland  
Tormod Skeie, Suldal  
Wenche Pleym, Sauda  
Rasmus Hidle, Finnøy  
Tina Nådland, Rennesøy  
Mirjam Ydstebø, Kvitsøy

Vara: Bente May Froli Stangeland  
Vara: Einar Berge  
Vara: Lin Veronica Jacobsen  
Vara: Kari Vaage Gjuvslund  
Vara: Tore Johan Prestegård  
Vara: Vibeke Meling  
Vara: Anne Kristine Sæther  
Vara: Ronny Gundersen

For fylkeskommunen (valde av fylkestinget):

Liv Todnem

Vara: Ivar Tangeraas

For dei tilsette:

Trygve Brandal  
Kjersti Moe

Vara: Kjell Gunnar Haraldseid  
Vara: Bernd Elmies

Styret har hatt 3 møte og behandla 19 saker.

Styret har eit arbeidsutval med desse medlemmane: Terjer Hidle, Tormod Skeie, Liv Todnem, Mirjam Ydstebø og Trygve Brandal.

Arbeidsutvalet har ikkje hatt møte i meldingsåret.

## **TILSETTE**

Museet har i meldingsåret hatt desse tilsette:

Faste stillingar:

Roy Høibo, direktør  
Sanja Ignjatic, kontorleiar  
Maria Corazon A. Dørheim, reinhaldar (30%)  
Amira Mohamaed Abdalla, reinhaldar (20%)  
Trygve Brandal, førstekonservator/avdelingsleiar formidling og samlingar (80%)  
Bernd Elmies, arkivar (80%)  
Åshild Marie Øverland, formidlar, til 10.08  
Anette Opheim, formidlar/gruppeleiar, frå 01.08  
Janneke Wijergangs, formidlar (30%), frå 01.05  
Kjersti Moe, formidlar barnekultursenteret, frå 21.03, permisjon frå 15.09  
Kristine Ese Ur, vikar barnekultursenteret, frå 15.09  
Åshild Vetrhus, gruppeleiar folkemusikkarkivet (50%)  
Tove Solheim, amanuensis folkemusikkarkivet (40%)  
Grete Holmboe, antikvar/avdelingsleiar bygningsavdelinga  
Sven Hoftun, museumshandverkar/driftsleiar  
Kjell Johnsen, museumshandverkar/driftsteknikar (80%)

Kjell Gunnar Haraldseid, museumshandverkar/driftsteknikar  
Ernst Berge Drange, førstekonservator/bygdebokforfattar

Mellombels stillingar:

Ingebrikt Edland, museumshandverkar, frå 16.01  
Arnfinn Olsen, museumshandverkar (60%)

Sesongtilsette, ekstrahjelp og korttidsengasjement:

Anita Svendheim, museumsvert  
Asgeir Heimdal, instruktør i dans  
Audun Magnus Skjelbreid, omvisar  
Carolin Sparchholz, museumsvert  
Cecilie Heggland Randa, gartner  
Ellen Marie Kalvig, museumsvert  
Ellen Synnøve Hoftun, julenisse  
Erling Bersrad, instruktør i hardingfele  
Elsa Legård, reinhald  
Hanna Yousuf Hussein, kokke  
Hege Nilsen, museumsvert  
Hidat W.Gebremariam, kokke  
Katalin Rostas, reinhald  
Ketil Strømme,  
Khadra Alaa Wayn, kokke  
Kristine Ese Ur, museumsvert  
Lars Kristian Bakka, gartner  
Lene Marie Bjørgeengen, museumsvert  
Marian Langenberg, museumsvert  
Marit Karin Sæbø, reinhald  
Mark James Laurenson, dansespelar  
Mohamed Sayid Ali, kokke  
Nora Stamakiya, kokke  
Negat, kokke  
Oddbjørn Lie, museumsvert  
Peter ten Napel, museumsvert  
Ragnhild Johnsen, museumsvert  
Ronak Hekmak, kokke og sydame  
Sabira Berbic, kokke  
Selam Kahsay Mana, kokke  
Semhar Desta, kokke  
Seynab Ahamed Muhudin, kokke  
Siri Dyvik, dansespelar  
Sjur Førland, museumsvert  
Stojna Dzafic, kokke  
Sukanya Jaiboon, reinhald  
Sveinung Søyland Moen, museumsvert  
Tone Alise Årrtun, museumsvert  
Torkjell Lavoll Bruland, instruktør i hardingfele  
Tsegereda Kidane Gebregerdish, kokke

Vanja ignjatic, ekstrahjelp  
Åsmund Tveitane Selnes, museumsvert

## Lærling

Alf Daniel Skåre Grov, 01.-31.05

## Praksisplassar

Marlin Tveit, 15.10-09.11  
Sivert Vestbø, 12.-14.11  
Rwaydo F. Haashi og Sahra ???, frå 06.11, i samarbeid med Introduksjonstenesta

Det samla talet på utførte årsverk var i 2012 ca. 14,5.

Sjukefråveret har vore på 2,90% (mot 2,67% i 2011). Dette er svært lågt.

## FELLESTENESTER

Eit hovudgrep i Regionalplan for Museum (Rogaland fylkeskommune 2011) er å etablere fellestener innanfor samlingsforvalting.

Det er alt oppretta ei prosjektstilling for fotobevaring. Stillinga er lokalisert hos Haugaland-museene, men skal arbeide for alle musea. Stillinga vil tilføre Ryfylkemuseet auka ressursar i arbeidet med fotosamlinga.

Det er planar om å opprette tre stillinger for konserveringspersonale. Dette blir venteleg ei form for vidareføring av den konserveringstenesta vi alt har tatt del i, men med auka kapasitet.

Det er endeleg planar om å opprette ei stilling for bygningsfagleg rettleiar. Denne skal vera lokalisert hos oss, men blei ikkje prioritert i budsjettet til fylkeskommunen for 2013.

For å styrke samlingsforvaltinga ytterlegare er musea samde om å utarbeide ein felles plan for dokumentasjon og innsamling. Det er søkt om omframme midlar til dette arbeidet.

## FRIVILLIG ARBEID

Summen av den frivillige innsatsen er vanskeleg å dokumentere, men oversynet nedafor viser at han er ganske omfattande:

Venneforeininga for Brødrene af Sand utfører eit stort arbeid for å halde ”Brødrene af Sand” i drift. Til arbeidet med rigging/nedrigging og vedlikehald reknar venneforeininga årleg kring 500 dugnadstimar. I tillegg kjem den frivillige deltakinga i seglingar med fartøyet. I år er det gjort ein særleg innsats for å få til ei betre overdekking av båten når han ligg i vinteropplag. Venneforeininga er med og delfinansierer kostnaden med dette. Venneforeininga har også deltatt i arbeidet med å finne nytt masteemne og emne til nye dekksbord.

På Kvitsøy har vennegjengen deltatt aktivt i arbeidet med å gjenreise hummarmuseet. Etter brannen i hummarmuseet i 2011 har det vore behov for eit omfattande oppryddingsarbeid, og

seinare for supplement av gjenstandsmateriale som gikk tapt i brannen. Medlemmar i venne-gjengen deltar også i arbeidet med nymontering av utstillingane.

Bygdekvinneлага i Hjelmeland, Erfjord og Suldal hjelper oss med hovudreingjering i Viga, på Håland og på Kolbeinstveit.

På Jelsa driv ei frivillig gruppe eit programarbeid i skolemuseet. Dei møtest ein gong kvar månad, har som regel eit foredrag, og så syng dei frå songbøker som er kjøpt inn til formålet.

Museet drar nytte av frivillig innsats i arbeidet med den frukthistoriske hagen i Viga. Rogaland fruktdyrkarlag stiller med ein representant i faggruppa for hagen.

I Sauda er det eit museumslag knytt til industriarbeidarmuseet. Museumslaget har den siste tida særleg engasjert seg i arbeidet for vern og bruk av Søndenå kraftstasjon, den såkalla Stasjon 3.

Foreininga Suldalsdampen har vendt seg til museet med spørsmål om hjelp til å greie ut planar for restaurering av M/B Suldal og eventuell overføring til Ryfylkemuseet. Styret i museet har sagt seg villig til å gå inn som eigar av båten på visse vilkår. Foreininga vil halde fram som ei venneforeininga.

I arbeidet med etterreising, dokumentasjon og vidareføring av den handlingsborne tradisjonskunnen i bygningsfaga er vi heilt avhengige av at tradisjonsberarar og informantar stiller opp og er med oss i arbeidet. I år har det vore stor innsats i restaureringsarbeida på Viga, men det har også vore frivillig deltaking i arbeidet med riving av never.

To av dei trufaste hjelparane våre, Jan Gunnar og Anita Helmikstøl, tok på og rydda og merka stien frå Li til naustet ved Hylsfjorden i sommar.

## KVALITETSSIKRING

Museet driv eit systematisk HMS-arbeid i samarbeid med Haugaland HMS. Det blir kvart år utarbeidd ein samarbeidsplan som lister opp dei tiltaka ein tar sikte på å gjennomføre. Både verneombodet og varamedlemmet har gjennomført kurs i grunnleggande HMS-arbeid.

For å møte dei store utfordringan som restaureringa av løa i Viga baude på blei det gjennomført ein omfram gjennomgang av metoden for risikoanalyse. Dette arbeidet blei så bra at det har vore brukt som føredøme for andre. Arbeida i Viga er gjennomført utan uhell eller skadar av noe slag.

Under årskonferansen til Haugaland HMS blei Ryfylkemuseet tildelt Arbeidsmiljøprisen 2012 for førebileteleg HMS-arbeid. I grunngivinga for tildelinga blir det m.a. lagt vekt på at tydlege mål, god struktur og gjennomarbeidde planar gir eit grunnlag for trygge og gode rammer for arbeidsdagen.

Museet blei i 2008 meldt inn som IA-bedrift. Avtalen blei i 2011 fornya som lekk i vidareføring av IA-satsinga. Innmeldinga er følgt opp med deltaking på kurs og det er avvikla obligatorisk internsamling for dei tilsette.


Det blir frå overordna styresmakter stilt krav om eit stort utval planar for verksemda. Med grunnlag i slike planar utarbeider vi kvart år rullerande handlingsprogram og årsplanar. I år har vi i tillegg revidert planane for ansvars- og oppgåverfordeling og for sikring av samlingane.

For å vedlikehalde og utvikle kompetansen til dei tilsette deltar vi på samlingar, møte, kurs, seminar og konferansar innafor aktuelle fagområde, og vi oppmuntrar dei tilsette til å ta på seg verv i nasjonale og internasjonale organisasjoner for på den måten å få rimeleg tilgang til informasjon og kompetanseutviklende aktivitetar. Alle dei fast tilsette har deltatt på slike aktivitetar i 2012. Detaljert oversyn over deltakinga finst i resultatrapporten til styret.

## RAMMEVILKÅR

Inntektene til museet er driftstilskott frå Kulturdepartementet, fylkeskommunen, vertskommunen Suldal og andre kommunar i Ryfylke, ulike former for prosjekttilskott, tilskott til særlege tiltak, gåver og eigeninntekter i form av billettinntekter, sal av tenester, medlemspengar, varesal, kurs m.v.

Det er særleg Museumsreforma som har gitt grunnlaget for den veksten i løyvingane som museet har fått dei siste åra. Museumsreforma er eit statleg program for vidareutvikling av musea. Men vi har også oppnådd auke i driftstilskotta frå Rogaland fylkeskommune og vertskommunen Suldal. Grunngivinga for auken i desse tilskotta har dels vore arbeidet med å utvikle eit barnekultursenter (Lølandsenteret), delvis ansvaret for drift og vedlikehald av Li. Summen av bokførte driftsinntekter var i 2012 på 11,7 mill. kr. Av dette utgjorde driftstilskotta 9,9 mill. kr. Utviklinga av driftstilskotta dei siste åra er slik:



I tillegg til driftsmidlane søker museet om prosjektmidlar for å gjennomføre særlege prosjekt. I 2012 utgjorde prosjektmidlane om lag 1,4 mill. kr.

Kulturdepartementet bidrar med det største tilskottet til drifta, deretter kjem Rogaland fylkeskommune og vertskommunen Suldal. Dei andre kommunane i Ryfylke bidrar med mindre støtte til drifta. Dei ordinære driftstilskotta frå staten, fylkeskommunen og kommunane utgjer 75% av dei samla inntektene til museet.



## 2 MUSEET SOM SAMFUNNSMINNE

Den eine, store oppgåva til musea er å vera *samfunnsminne*. Denne oppgåva søker vi å løyse gjennom å drive med innsamling, dokumentasjon, forsking og bevaring.

### BYGNINGAR

Den bygningssamlinga Ryfylkemuseet forvaltar er relativt stor. Ved utgangen av meldingsåret var talet på antikvariske bygningar som museet har fullt eller delt ansvar for 73. Det har ikkje skjedd noen endring i storleiken på bygningsmassen dette året. Dei antikvariske bygningane fordeler seg slik på dei ulike avdelingane:

KOMMUNE	STAD	EIGAR	TAL
Forsand	Bergevik	Grunneigar/Forsand kommune	1
Hjelmeland	Viga	Sjølv	10
Suldal	Håland	Sjølv	3
	Jelsa	Sjølv	1
	Sand	Sjølv	1
	Kvæstad	Sjølv	1
	Ritland	Grunneigarane	4
	Kolbeinstveit	Sjølv	15
	Øystad	Grunneigarane	2
	Lalid	Grunneigarane	1
	Røynevarden	Sjølv	6
	Li	Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune	13
Sauda	Hustveit	Sjølv	10
	Åbø-byen	Sjølv	2
	Slettedalen	Sauda kommune	1
Rennesøy	Bakken	Rennesøy kommune	1
Kvitsøy	Grøningen	Kvitsøy kommune	1
<b>SUM</b>			<b>73</b>

I tillegg til den antikvariske bygningsmassen forvaltar museet eit bygg for kontor-, arkiv- og verkstadfunksjonar og eit bygg for lager- og verkstadfunksjonar på Sand.

Den store bygningsmassen reiser utfordringar av to slag: Den eine er å ha tilstrekkeleg kapasitet til å kunne drive eit tilfredsstillande restaurerings-, pleie- og vedlikehaldsarbeid. Den andre er å ha tilfredsstillande kompetanse til å kunne drive ei truverdig forvalting av bygningssamlinga.

Gjennom systematisk arbeid sidan 1995 har vi etter kvart bygt opp god kompetanse på bygningsvern. Vi legg stor vekt på å hente fram, dokumentere og vidareføre den handlingsborne tradisjonskunnen som vi ser på som ei verneoppgåve i seg sjølv. Dette er i tråd med UNESCOs konvensjon om immaterielt kulturvern som Norge har slutta seg til, og der handverkskunnen er ei av dei prioritære arbeidsoppgåvene. I 2012 har vi særleg arbeidd med å utvikle betre kunnskap om treet som virke.

Kompetansehevinga har ført til at vi har fått eit meir realistisk bilde av tilstanden til bygningane. Denne var dessverre dårlegare enn vi tidlegare hadde rekna med, og det blei avdekka eit stort etterslep på vedlikehald. Vi ser også at endring mot eit våtare og mildare klima aukar

behovet for vedlikehald og reparasjon av bygningane våre. Gjennom målretta arbeid, styrking av handverkarstabben og omframme løyvingar er vi i ferd med å ta att etterslepet.

Vi er tildelt rolla som ansvarsmuseum for Nasjonalt nettverk for bygningsvern og handverkskompetanse på museum (Byggnettverket). Gjennom rolla som ansvarsmuseum har vi arbeidd for å styrke merksemda om bygningsvernet på musea. Dette har ført til ei prioritering av bygningsvernet i tildelingane frå Kulturdepartementet.

Med nye handverkarstillingar frå 2007 og 2011 har vi fått ein god auke i kapasiteten. Det er også stilt omframme midlar til rådvelde som har gjort det muleg å engasjere prosjekthandverkarar i Viga. Vi reknar nå med at vi har ein bygningsavdeling som er rimeleg dimensjonert i forhold til lopande vedlikehald, men det er framleis behov for ekstrainnsats for å ta att etter-slep.

I 2012 er framleis den største ressursen sett inn i arbeidet med å restaurere bygningane i Viga i Hjelmeland.

## FARTØY

Museet eig 12 mindre båtar og Ryfylke-jekta ”Brødrene af Sand”.

Venneforeininga for ”Brødrene af Sand” har også i 2010 tatt hovudansvaret for drifta av fartøyet og har lagt ned eit stort arbeid med vårpuss og anna vedlikehald, rigging for sesongen og nedrigging og klargjering for vinteropplag. Jekta har vore ute på 7 tokt i 2012, og i tillegg noen turar med medlemmar i venneforeininga. Venneforeininga har tilsyn med fartøyet medan det ligg i vinteropplag. Det er investert i betre vinterdekning. Det er behov for utskifting av masta og eit større vedlikehaldsarbeid på dekket.

## GJENSTANDAR

Museet eig eller disponerer gjennom deponeringsavtalar følgjande gjenstandssamlingar:

KOMMUNE	STAD	TAL GJEN-STANDAR	AV DESSE		
			REGIST-RERT	KATALO-GISERT	KAT. I PRIMUS
Forsand	Forsand b.mus. (D) <sup>1</sup>	700	0	640	0
	Bergevik, sjøhuset	500	0	0	0
Hjelmeland	Viga <sup>2</sup>	2192	2192	2192	2170
	Hjelmeland b.mus. (D)	1688	1348	1348	1346
	Årdal b.mus., Høiland <sup>3</sup> (D)	591	225	229	210
Suldal	Håland	854	854	854	854
	Jelsa skulemuseum	67	0	0	0
	Sand <sup>4</sup>	2447	2447	1527	1527
	Kolbeinstveit	1211	1211	1211	1211
	Røynevarden	359	359	359	359
	Kvednahola	44	0	0	0
	Li (D)	988	988	988	0
Sauda	Hustveit	527	527	527	527
	Industriarb.museet	539	539	489	539
	Sauda museum	1227	1227	186	186
Finnøy	Finnøy bygdemuseum (D)	1700	1669	1669	0
Rennesøy	BibMus, Kulturhuset	165	0	0	0
	Bakken	100	0	0	0
	Mosterøy b.mus.	455	455	0	0
Kvitsøy	Humermuseet (D)	388	388	0	0
Magasinet Åmøy <sup>5</sup>	Åmøy	3084	2784	2784	2784
<b>SUM</b>		<b>19836</b>	<b>16235</b>	<b>13940</b>	<b>11638</b>

Det har i 2012 vore ein tilvekst av 265 gjenstandar. 190 gjenstandar er samla inn på Kvitsøy til erstatning for tapte og brannskadde gjenstandar etter brannen i hummarmuseet. 75 andre gjenstandar er gåver frå ulike gjevarar. All tilvekst er fortløpende katalogisert i Primus med foto.

Museet fører ein restriktiv innsamlingspolitikk og prioriterer i hovudsak gjenstandar som er knytt til faglege innsamlingsplanar og dokumentasjonsprosjekt.

På garden Li i Hylsfjorden, som er kjøpt av Rogaland fylkeskommune og Suldal kommune, har vi registrert og fotografert gjenstandane, i alt 988 nummer. Størsteparten av gjenstandane er merka, og arbeidet med katalogisering er påbegynt.

<sup>1</sup> D: Gjenstandane er deponert til Ryfylkemuseet. Eigedomsretten ligg hos den respektive kommunen.

<sup>2</sup> Grunneigar på garden står som eigar av gjenstandane.

<sup>3</sup> Samlinga vart huslaus i Årdal i 2010 og måtte flyttast til Sand. Ein del av gjenstandane vart kasserte pga. dårlig tilstand.

<sup>4</sup> I utstilling på Nesasjøhuset, i magasin i nybygget og i lagerhall på Gardaneset.

<sup>5</sup> Dei største gruppene her er gjenstandar frå Erfjord bygdemuseum og frå samlinga etter Johs. Rasmussen på Sand.

Størsteparten av gjenstandane til museet er plasserte i miljøutstillingar på dei ulike anlegga. Resten er magasinerte på tre ulike lokalitetar: I lagerhallen som Ryfylkemuseet disponerer i fellesmagasinet for musea i Rogaland på Åmøy, i magasinet i nybygget på Sand og i lagerhallen på Gardaneset på Sand.

## NATURHISTORISKE SAMLINGAR OG KULTURLANDSKAPSVERN

Ryfylkemuseet er i hovudsak eit kulturhistorisk museum. Men slik samlingane er lokaliserte, ligg forholda godt til rette for å formidle samanhengar mellom kultur og natur. Det er særleg to stader vi har kome i gang med slikt arbeid.

I samarbeid med Nordisk Genbank og frivillige krefter i Hjelmeland er det bygt opp eit klo-narkiv med 130 tre av 91 eldre eple-, pære- og plommesortar frå Ryfylke på Viga i Hjelme-land. Så godt som alt tilgjengeleg areal i Viga er nå tilplanta.

Gjennom samarbeid med Sauda kommune, Fylkesmannen i Rogaland og Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd har museet i lengre tid arbeidd med restaurering, tilrettelegging og skjøtsel av det eine bruket på Hustveit i Sauda. Gjennom bruk av forkjøpsrett har Staten her sikra seg eit unikt naturområde som strekker seg frå fjorden og opp til høgaste heia. Potensialet for bruk til kultur- og naturhistorisk formidling, undervisning og friluftsformål er stort. Frå museet si side har vi satsa mye på å følgje opp samarbeidsavtalen. Eit program for utstillingsverksemd er fullført gjennom opning av ei utstilling om kulturlandskapet dette året.

Gjennom avtale med grunneigaren har Nesflaten skule fått høve til å bruke jord på Røynevarden til poteter og anna. Dette er først og fremst eit skuleprosjekt, men det er også eit bidrag til formidling av bruken av åkerarealet kring husa på plassen. Skulen bruker husa når dei er der, og har også overnattat ei natt. Det har vore arbeidd for å få Vegvesenet til å stå ved ein gammal lovnad om å setta opp sikringsgjerde på stupet mot riksvegen. Dette kom på plass før sommarsesongen.

## FOTO

Ryfylkemuseet har ei fotosamling som tel vel 100.000 foto. Dette fordeler seg på kulturhistoriske foto frå regionen, spesialsamlingar, eigne opptak og gjenstandsfoto.

<b>FOTO VED RYFYLKEMUSEET</b>			
		Herav	
	Stk. foto	digitalisert	
<b>Kulturhistoriske foto</b>			
Repro frå fire kommunar (Sauda, Suldal, Hjelmeland, Finnøy)	8318	8318	
Digitale kopiar av innlånte orig.foto	751	751	
Originalfoto	2902	823	
<b>SUM</b>	<b>11971</b>	<b>9892</b>	
<b>Spesialsamlingar</b>			
Alice Archer	633	633	
Julius Bårdesen, Sand	4100	491	
Heradsskogmester Kveim, Sauda	2429		
Gartnerhallen	1242		
Widerøe's Flyveselskap	1035	413	
Suldalsposten, reportasjefoto	11685		
Bygningsvernprosjektet	5177		
Bunad- og folkedraktrådet	503		
Frå idé til næring	519		
Finn Johannesen, Stavanger	10000	231	
Suldal reiselivslag	2461		
Suldal reiselivslag, dig. Foto	5063	5063	
<b>SUM</b>	<b>44847</b>	<b>6831</b>	
<b>Eigne opptak</b>			
Svart-kvitt film	8191	500	
Fargefilm	386		
Dias	10075	500	
Digitale foto	15513	15513	
<b>SUM</b>	<b>34165</b>	<b>16513</b>	
<b>Gjenstandsfoto</b>			
Svart-kvitt film	3952		
Dias	5398		
Digitale foto (origianalt digitale)	1603		
<b>SUM</b>	<b>10953</b>	<b>8496</b>	
<b>TOTAL SUM</b>	<b>101936</b>	<b>41732</b>	

Vi har ca. 12 500 kulturhistoriske foto frå Ryfylke (medrekna Archer-samlinga). Størsteparten av desse er reprofoto, avfotograferingar av eldre bilde som er lånte inn frå eigarane av bilda. Museet har hatt slike fotoaksjonar i samarbeid med kommunane i Sauda, Suldal, Hjelmeland

og Finnøy og sit med negativar i arkivet. Opplysningar om hovuddelen av dei eldre bilda er katalogiserte og lagt inn i database i programmet Primus. Vel 83% av reprobilda er digitaliserte.

I 2012 har vi registrert ein tilvekst på 65 kulturhistoriske foto. 35 er analoge foto (glasplater, papirbilde og dias), 30 er digitale kopiar. Det er også tilvekstført 120 digitale gjenstandsfoto.

Av eigne opptak er det tilført 1642 digitale dokumentasjonsfoto. Mange er frå arrangement ved museet, og andre dokumenterer bygningar og arbeid som bygningsavdelinga har utført. Samla tilvekst av foto i 2012 var 1827 foto.

Det er dessutan laga digitale kopiar av 2421 foto i fotoarkivet. Størsteparten av desse er kulturhistoriske foto frå Sauda og Finnøy frå fotoinnsamling på 1990-talet, som vart gjennomført i eit samarbeid mellom museet og kulturkontoret i kommunane.

Etter kvart som fotosamlinga blir digitalisert kan heile eller delast av samlinga gjerast tilgjengeleg på internett. Vi legg ut foto på Digitalt Museum, ein felles nettportal for norske museum, [www.digitalmuseum.no](http://www.digitalmuseum.no). Ved utgangen av 2012 hadde vi 4137 foto publisert på Digitalt Museum samt 3082 katalogpostar for museumsgjenstandar. Ei tematisk nettutstilling om Archer-samlinga ligg likeins på nettet, på nettsida til Fotonettverk Rogaland, [www.fotonettverk-rogaland.no/nettutstillingar/alicearcher](http://www.fotonettverk-rogaland.no/nettutstillingar/alicearcher). Det ligg lenke til desse nettsidene på heimesida til Ryfylkemuseet.

## **VIDEO OG FILM**

Samlinga av video- og filmopptak er på i alt 160 nummer. Av desse er 55 videoopptak som gjeld aktivitetane ved folkemusikkarkivet. 4 er smallimar, og av resten er fleirtalet opptak som speglar ulike sider ved aktiviteten til museet elles. Tilveksten i 2012 var på 1 nummer.

## **LYDOPPTAK**

Lydopptaksamlinga ved Ryfylkemuseet tel 1095 nummer inklusive opptaka i folkemusikkarkivet. Lyden er registrert på ulike lagringsmedium som spoleband, kasettar, DAT-kasettar, minidisk og digitale lydfiler. Noe over halvparten av opptaka er intervju som også er skrivne av, men teksten er ikkje lagt i noen form for database som kunne gi grunnlag for elektronisk søk. Det meste av lydopptaka i folkemusikkarkivet er digitaliserte i 2011.

Det er registrert ein tilvekst på 1 digitalt intervjuopptak i meldingsåret.

Ved innsamling av lyd bruker vi nå harddiskopptakar og materialet blir lagra på server som digitale lydfiler. Det er ei utfordring å sikre tidlegare opptak som er gjort på ulike typer band.

## **PRIVATARKIV**

Privatarkivsamlinga ved Ryfylkemuseet omfattar 164 arkiv. Noe av materialet er ordna, men det meste ikkje. Privatarkiva utgjer om lag 80 hyllemeter.

Tilveksten i 2011 var på 8 privatarkiv.

Det nye museumsbygget på Sand rommar gode arkivrom der det aller meste av arkivmaterialet nå blir oppbevart. Dette gjeld både foto-, papir- og lydarkiv.

## **DIGITALT ARKIV**

Som ein forstår er det eit mål at store delar av arkivmaterialet til museet etter kvart blir digitalisert, både av omsyn til sikring av materialet og lettare tilgang til det. Dette er eit omfattande arbeid som vil ta tid om vi skal få det til innanfor dei ordinære driftsmidlane.

Det digitale arkivet blir sikringskopiert gjennom driftsavtalen for dataanlegget som vi har med Kultur IT på Lillehammer. Lagringskapasiteten for digitalarkivet vart utvida i 2011.

## **BIBLIOTEK**

Det er i 2012 registrert ein tilvekst på 41 bøker. I tillegg kjem ein del årbøker som vi får tilsendt gjennom bytesamband.

## **DOKUMENTASJON OG FORSKING**

Ryfylkemuseet har eit langsiktig samarbeid med Suldal kommune om skriving av bygdebøker for dei ulike delane av kommunen. I 2012 er det arbeidd vidare med bygdebøkene for gamle Jelsa kommune. Eitt band Jelsa-historie blei utgitt i 2010. Det vil bli ytterlegare to band som vil vera ferdig i 2013.

Arbeidet med oppbygging av kompetanse om tradisjonshandverk omfattar også forskingsoppgåver, men dette er omtala på annan stad i årsmeldinga.



## 3 MUSEET SOM MØTEPLASS

Den andre hovudoppgåva til musea er å vera *møtestad og dialoginstitusjon*. Musea må kommunisere med omverda for å formidle kunnskap og opplevingar. Seksessen til musea blir ofte målt ut frå publikumstalet. Ryfylkemuseet legg stor vekt på å styrke den utoverretta verksemda ved museet.

### VITALISERING AV PUBLIKUMSTILBODET

Ei av dei store utfordringane for Ryfylkemuseet er å vitalisere dei ulike avdelingane som højer museet til. Vi forvaltar eit unikt materiale som kan gi vesentlege bidrag både til kulturelt medvit og identitetsbygging, og til utvikling av reiselivet i regionen. Etter søknad har Ryfylkefondet gitt tilskott på til saman 2,5 mill. kr. for tiltak i dei kommunane som er med i Ryfylke IKS. På dette grunnlaget blir det arbeidd med detaljplanar og tilleggsfinansiering for fleire tiltak under hovudtittelen "Mitt Ryfylke". Prosjektet er ein del av merkevareprosjektet til Ryfylke IKS.

I Kvitsøy blei det i perioden 2006-2009 etablert eit museum med høg standard knytt til forteljinga om hummaren og andre fiske. Museet brann i mai 2011. Arbeidet med gjenreising starta straks, og vil bli gjenopna første halvår 2013. Den store utfordringa er i tillegg å få til eit skule-, aktivitets- og publikumstilbod som står i stil med investeringane. Det Dei driftsressursane som er nødvendige for å få dette til er førebels ikkje til stades.

Etter rekonstruksjon av løa på Hustveit har det vore arbeidd med etablering av robuste utstillingstilbod om garden og kulturlandskapet. I meldingsåret er den siste av dei planlagte innandørsutstillingane, ei utstilling om skogen og sagbruka, opna. Utstillingane er døgnopne. Det er eit eksperiment som så langt har fungert godt.

### LØLANDSENTERET

I samarbeid med stiftinga Rasmus Løland-markeringa har museet tatt på seg å arbeide for etablering av eit senter for nynorsk barnekultur og –litteratur i tilknyting til hovudsetet til museet på Sand. Frå hausten 2008 har det vore arbeidd med finansiering av tiltaket. Dei første løyvingane, frå Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune, kom på plass i budsjettet for 2010 og vi kunne våren 2011 opne ei utstilling basert på forteljinga om "Kvitebjørnen" i tilknyting til markeringa av at det i 2011 er 150 år sidan diktaren blei født.

Frå 2012 gir Kulturdepartementet eit tilskott på ein mill. kroner til styrking av arbeidet mot barn og unge.

### UTSTILLINGAR

Museet har hatt desse temautstillingane i meldingsåret:

- 01.01-31.12 *BibMus*, permanent utstilling i Kulturhuset Meieriet, Vikevåg
- 01.01-31.12 *Garden og folka*, permanent utstilling på Kolbeinstveit

01.01-31.12	<i>Stader i Ryfylke</i> , permanent punktutstilling på Prekestolen Fjellstue
01.01-31.12	<i>Stavkonstruksjonen</i> , permanent utstilling på Hustveit
01.01-31.12	<i>Garden og folka</i> , permanent utstilling på Hustveit
01.01-31.12	<i>Kvitebjørnen</i> , utstilling for barn, Nesa-sjøhuset, Sand
01.01-30.11	<i>Det gode liv</i> , mellombels utstilling, Nesa-sjøhuset, Sand
01.01-31.12	<i>Skog og sagbruk</i> , permanent utstilling, Hustveit
01.01-31.12	<i>Lekmannsrørsla og bedehusa</i> , Bethel, Finnøy
16.06-12.08	<i>Hjarte for gjenbruk</i> , Erling Nesse, Kolbeinstveit
10.09-31.12	<i>Kulturlandskapet</i> , utandørsutstilling, Hustveit
02.12-31.12	<i>Vern i vev</i> , Else Moe Schmidt, Nesa-sjøhuset, Sand

Vi er og ”medeigarar” i ei vandreutstilling om *Rasmus Løland* som blir administrert av Ny-norsk Kultursentrum, og i vandreutstillinga *Spor på stedet*, som blir administrert av Oslo Museum for Mangfaldsnettverket.

Utstillingane i Kvitsøy hummermuseum har vore stengt heile året etter brannen i 2011. Nye utstillingar har vore under produksjon og vil bli gjenopna i 2013.

Følgjande anlegg har hatt faste opningstider i sommarsesongen:

Sjøhuset i Bergevik, Forsand – heile veka  
 Hjelmeland bygdemuseum – måndag-fredag  
 Viga - torsdagar  
 Skulemuseet på Jelsa – laurdagar  
 Håland - fredagar  
 Nessasjøhuset, Sand – heile veka (vintersesongen ope på kvardagar)  
 Kolbeinstveit – heile veka  
 Røynevarden - onsdagar  
 Li-tunet – tysdag-søndag  
 Industriarbeidarmuseet i Åbø-byen, Sauda – daglege omvisingar  
 Hustveit - søndagar  
 BibMus, Rennesøy – heile året i oppningstidene til biblioteket

Dei stadene der det er ope berre ein eller to dagar er med på programmet til den ambulerande museumsverten. Dette gir ikkje noe breitt tilbod til publikum, men det er eit kostnadseffektivt tilbod på stader der det elles ville vore vanskeleg å få til noe tilbod i det heile tatt.

I tillegg til dei faste opningstidene har det vore omvising av grupper og arrangement ved fleire av anlegga.

## ARRANGEMENT

Attåt opne anlegg og utstillingar, og ofte i tilknyting til desse, har museet kvart år ei rekke arrangement av ulike slag. I 2011 har vi hatt desse arrangementa:

Aktivitetsoversyn 2011		
Udstillingsopningar		4
Tokt med "Brødrene"		6
Bokafe		1
Foredrag		10
Årsmøte		1
Mottakingar/spesialarr.		1
Konsert		6
Songkveld		10
Familiedag/open dag/aktivitetsdag		6
Forteljarkveld/kveldssete		2
Nissekveld		2
Skuleopplegg		11
Internasjonal kafe		6
<b>SUM</b>		<b>66</b>

Under «tokt med Brødrene» er tatt med 3 tokt med skuleelevar frå Suldal. Desse kunne og vore rubrisert som «skuleopplegg». Aktivitetane mot skule og barnehage har hatt eit markert oppsving i meldingsåret.

## BARN OG UNGE

Museet fekk gjennom driftstilskotta i 2012 særlege ressursar til å utvikle tilbodet til barn og unge. Tilskotta hadde bakgrunn i søknadar om midlar til å realisere ideen om eit barnekultursenter, som var eit av måla til Stiftinga Rasmus Løland-markeringa (2007-2011). Arbeidet har hatt ein noe forsiktig start ettersom den tilsette medarbeidaren gikk ut i fødselspermisjon nok-så snart etter tilsetting, og blei erstatta av ein vikar. Vi kan likevel vise til godt synlege resultat på den stutte tida som har vore til rådvelde.

Det er utarbeidd skuleopplegg for fleire av anlegga til museet:

- «Brødrene af Sand» - revidert opplegg klart til sesongen 2012, dette blir ytterlegare utvikla til neste sesong
- Åbøbyen og Industriarbeidarmuseet – inngår i skulebesøk i skulesekksplanen for Sauda
- Kolbeinstveit – prøvd ut på 4 klassar i meldingsåret
- «Kvitebjørnen» - ressurshefte for barnehagar og 1.-4. tinn
- Viga – undervisningsopplegg for mellomtrinnet under utvikling

I tillegg nyttar Nesflaten skule Røynevarden ut frå eigenutvikla opplegg.

Den årlege folkemusikkhelga samlar deltakrarar på tvers av generasjonane, og det var også i år eit stort innslag av barn og unge på dei ulike kursa.

Det var fullt hus på nissekveldane som blei arrangert på Kolbeinstveit og Hustveit før jul. Dette er arrangement der forteljing er ein viktig del av programmet.

Utvikling av opplegg for skular og barnehagar er eit prioritert arbeidsområde og det blir sett inn enda større ressursar i 2013.

## TURISTINFORMASJON

På oppdrag frå Suldal vekst har vi drive turistinformasjon på Sand i sommarsesongen. Dette har vore ein ”vinn-vinn-situasjon” der begge partar har fått eit større publikumstilbod for dei same pengane som tidlegare blei brukte på bemanning av to besøksstader. For museet har det ført til meir besøk på museumsanlegget på Sand.

## BESØK

Statistikken for publikumsbesøk i 2012 samanlikna med tala for 2011 ser slik ut:

<b>STAD</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>
Forsand bygdemuseum	368	163
Viga	656	868
Hjelmeland bygdemuseum	142	120
Håland	671	839
Jelsa skulemuseum	845	1 307
Nesa-sjøhuset	6 523	5 830
Kolbeinstveit	2 979	2 482
Røynevarden	894	750
Li	460	589
Hustveit	2061	1 061
Industriarbeidarmuseet	544	300
Bakken	84	0
BibMus	1 097	342
Finnøy bygdemuseum	0	80
Betel, Finnøy		1268
Kvitsøy Hummermuseum	720	0
Brødrene af Sand	268	100
<b>Sum museumsanlegg</b>	<b>19 417</b>	<b>16 099</b>
Eksterne arrangement	825	518
Suldalsdampen	0	0
Turistinformasjon	3 222	2 498
<b>Sum publikum</b>	<b>22 639</b>	<b>19 115</b>


I tillegg til dei tala som kjem fram her kjem besøk på anlegga våre utanom opningstidene. Vi har heller ikkje tal for besøk på vandreutstillingane «Spor på stedet» og utstillinga om Rasmus Løland.

På Hustveit er det installert automatisk telling av dei besøkande i døra til løa. Det oppgitte talet er justert i forhold til mulege feilkjelder. Den store skilnaden frå 2011 til 2012 kan skuldast ein blåmeis som hadde reir innafor følaren til telleapparatet.

Tala viser eit skuffande tilbakeslag i forhold til besøkstala frå året før, og bryt den gode utviklinga vi har hatt dei siste åra. Noe kan skuldast tilfeldige variasjonar, blåmeis og ein util-

fredsstillande praksis for statistikkføring, men vi må og innsjå at utslaga er såpass store at dette handlar om ein reell tilbakegang. Kvifor det er slik er vanskeleg å forklare. Noe kan skuldast interne forhold. Vi har bak oss eit år med skifte i bemanninga, og det blei gjennomført færre arrangement i fjor enn i 2011. Noe kan skuldast ein generell tilbakegang i reiselivet. Nedgangen i besøket i turistinformasjonen kan tyde på det.

I ei grafisk framstilling ser besøksutviklinga slik ut:



## ELEKTRONISKE MEDIA

Auka bruk av tilbodet vårt på elektroniske media kompenserer noe av tapet i besøket på avdelingane. Besøket på vår avdeling i Digitalt Museum var i 2012 på 3 237.

Musea blir i sterk grad oppfordra til å ta elektroniske media og nettbaserte kanalar i bruk i si formidling. Ryfylkemuseet har lenge hatt ei heimeside som blir kontinuerleg oppdatert

Kvar månad har vi sidan 2004 sendt ut eit elektronisk nyhendebrev. Dette hadde på slutten av 2012 i overkant av 300 ”abonnentar”.

Vi har ei nettstillinga, ”*Turistens bilder*”, med fotografi frå samlinga etter Alice Archer, denne blei publisert på nett i 2009.

Museet har lagt ut 4 137 digitaliserte foto og 3 082 digitaliserte gjenstandsregistreringar på Digitalt Museum. Med dette er vi det museet i Rogaland som ved siste årsskiftet har mest materiale på Digitalt Fortalt. Den digitale fototenesta fører til at vi får ein del bestillingar på ko-

piar av foto frå samlingane. Vi har også gjort eit par forsøk på å legge ut øvingsmateriale på Digitalt Fortalt.

Vi brukar Facebook aktivt for å gjera kjent smått og stort om det vi driv med. Det er over 460 som følgjer oss på Facebook.

Vi har gjort eit forsøk med å ta i bruk QR-kodar i formidlinga av bakgrunnsmateriale om dei ulike anlegga gjennom mobiltelefon. I første omgang er slike kodar utplasserte på Hustveit.

Vi er inkludert i eit opplegg for informasjon gjennom ein applikasjon for mobiltelefon som Reisemål Ryfylke har lansert

## **ANDRE PUBLIKUMSTENESTER**

Museet driv ei relativt omfattande rådgiving, særleg innafor bygningsvern. Oppdragsgjevarane er både kommunar og privatpersonar. I år har vi også hatt deltatt i evaluering av eit bygningsvernprosjekt for Akershus fylkeskommune. Når rådgivinga omfattar synfaring og skriving av rapportar eller uttale blir slike oppdrag fakturerte.

Fotosamlinga vår har mange eksterne brukarar som er på leit etter bildestoff til ulike formål. Det er faste satsar for kopiering og ekspedering av fotomateriale.

Arkivet elles har færre eksterne brukarar, men vi rår over ein del privatarkivmateriale som er etterspurt i ulike samanhengar.

Bygdebokskrivaren har mange besøk av folk som vil ha hjelp med slektsgransking.

Folkemusikkarkivet yter tenester til utøvarar av folkemusikk som er på leit etter materiale til verksemda si, og som, på visse vilkår, kan få kopiert materiale som grunnlag for innøving av nyt stoff.

## **PUBLIKASJONAR**

I 2012 har Ryfylkemuseet publisert følgjande materiale i eigne og andre publikasjonar:

- Drange, Ernst Berge: *Nordmenn i Ny-Nederland på 1620-1630-talet – og ein india-nartolk frå Ryfylke*, Heimen 2/12
- Holmboe, Grete: *Tekking med never og torv i Ryfylke*, i Jon B. Godal: Tre til tekking og kledning
- Folk i Ryfylke, temanummer om industristaden Sauda
- 

## **TAKK**

Vi vil takke Kulturdepartementet, Rogaland fylkeskommune, Suldal kommune og andre bidragsytarar for godt samarbeid og for støtte til drifta av museet.

Sand, 21. februar 2013

Terje Hidle  
Styrelseiar